


# Referat FAU

| | |
|---|---|
| **Dato:**<br>**04.06.2024 kl.1900** | |
| **Møtt** | **Hoved kontakt** / **Vara**<br>SFO: Cecilie Dale Glesnes<br>1 trinn: Vara: Laila Karin Eide<br>2 trinn: Nina Støkkan-Glesnes<br>3 trinn gr1:<br>3 trinn gr2: Birthe Westgaard<br>4 trinn:<br>5 trinn: Marit Bø<br>6 trinn gr1:<br>6 trinn gr2: Jørgen Kausland<br>7 trinn gr1: Veronica Myrvold<br>7 trinn gr2: Petter Hammersland<br><br>Rektor: Linda Selheim<br><br>Foreldrekontakt har møteplikt, vara har møteplikt når foreldrekontakt ikkje kan stille, foreldrekontakt som treng vara har ansvar for å underrette vara og melde frå til leiar. Vara har møterett og vil motta innkalling på lik linje med foreldrekontakt. |
| **Stad:**<br>Spildepollen skule – møterom v/personal | |

| Sak | Beskriving | Oppfølg. |
|---|---|---|
| **Godkjenning innkalling og saksliste** | - Godkjendt | |
| **Godkjenne referat frå sist møte** | - Godkjendt | |
| **Kvalitetsdialog** | - 2.mai vart det gjennomført kvalitetsdialog på skulen. FAU v/leiar var invitert til å delta på dialogmøte.<br>- Skulen presenterte korleis dei tenkjer om kvalitet i skulen. Skulen arbeidar ut frå planverk til kommunen – framtidas skule.<br>- I kvalitetsarbeidet så arbeidar ein med fleire pålagte oppgåver som til dømes nasjonale prøvar, kartleggingar og elevundersøking | |




| | | |
|---|---|---|
| | - Av utviklingsarbeid så arbeidar skulen med innføring av De Utrolige årene og satsing på DINO-skule.<br>- Skulen har arbeida med arbeidsmiljøet og har fokus på å lage felles standardar. Alle skal dra i same retning – lita tue kan velte stort lass.<br>- Skulen ynskjer å ha høg grad av involvering og medverknad. Samarbeid med foreldre og aktuelle fora som FAU er viktig for skulen.<br>- Skulen har oppnådd<br>    o Lågare sjukefråvær<br>    o Nedgang i 9a saker<br>    o Oppnådd eit godt arbeidsmiljø med positive tilsette<br>- FAU leiar informerte om orienteringa som vart gitt rundt tiltak som hjertesona i friminutta. Dette har vert eit positivt tiltak og FAU har ikkje mottatt andre tilbakemeldingar i løpet av dette skuleåret.<br><br>- Rektor svara på spørsmål i møte.<br>- FAU synes det er positivt med ein kvalitetsbevisst skule. Nedgang i 9a saker er særs gledeleg å få tilbakemelding på. | |
| **Kommunalt FAU** | - 15.mai var det gjennomført eit møte i gruppa for kommunalt FAU.<br>- Det er eit ynskje å få etablert eit felles organ for alle FAU i kommunen. Dette kan nyttast som høyringsorgan til for eksempel skulebruksplan.<br>- Eit felles kommunalt FAU må etablerast på same måte som eit «vanleg» FAU.<br>- I møte 15.mai møtte Tore Foldnes frå administrasjonen og snakka om plan og prosess for skulebruksplanen. I møte kunne ein komme med innspel til prosess, men sjølve planen er ikkje lagt ut på høyring enda.<br>- Andre FAU vel neste års representant før skuleåret er ferdig. Dette er eit bevist val for å kunne komme tidleg i gang med FAU ved neste skuleår.<br>- Det er eit ynskje om å komme i gang med første kommunale FAU møte tidleg neste skuleår.<br>- | |
| **Leikeapparat / le-skur** | - Tilbakemelding frå kommunen: | |




| | | |
|---|---|---|
| | *Eigedom stiller seg positiv til innspela som er komen om etablering av 2 le-skur og område knytt til kanonball og paradis.*<br><br>*Når det er sagt, må de sjølv sta for kostnaden ifm. etablering av skura. Etter at le-skura er etablert, vil dei gå inn i drifta vår mtp. vidare drift og vedlikehald.*<br>*Eit tips er å høyra med byggfagavdelinga ved vidaregåande skule, om dei kan vere behjelpeleg med oppsetting av skura.*<br><br>*For oppmerking av område knytt til kanonball og paradis kan drift vere behjelpeleg med utstyr til oppmerking.*<br><br>- Rektor tek kontakt med VGS og høyrer om dei kan bygge to skur<br>- Laila undersøker om det er nokon som kan merke område for kanonball og paradis i år. | |
| **Innkjøp av bålpanne og grill** | - Skulen er veldig glad for bålpanne og grill. | |
| **17.mai** | - Kort gjennomgang av foreløpig evaluering<br>- Små læringspunkt til neste år<br>- Sit igjen med eit godt inntrykk av arrangementet | |
| **Rekneskap** | - Gjennomgang av rekneskap 2023-2024<br>o Har omtrent 110 000 på konto<br>o Det er ein del sosial kveldar som ikkje er ferdig<br>o Rekneskapen må leggjast fram i første møte i nytt FAU | |
| **Eventuelt** | - **Resultat frå mattemaraton**<br>o **Spildepollen er best i Landet. Det har vert ein fantastisk innsats frå alle elevar. Rektor er veldig nød med både innsatsen og resultatet**<br>- **Gåve til personale**<br>o **Cecilie ordnar gåve** | |